

Tusen takk for konserten!

22.09.2014

**TUSEN TAKK FOR KONSERTEN I KYRKJA IGÅR!**

Dette var noko som både laga klump i halsen, tårer i augo og smil rundt munnen. Det var fantastisk kjekt å høyre dei nydelege røystene til skuleborna og å sjå borna i samspel med profesjonelle musikarar i ei oppsetning som var laga og arrangert spesielt for borna ved Uskedal skule og oss som publikum i kyrkja.

Så tusen takk alle saman! Eg vil iogså nytte dette høvet til å seie tusen takk til det store publikum/kyrkjelyden som er så flinke til å støtte opp om tilskippingane våre i kyrkja.

Vidare så minnar eg om at i dag (måndag) er siste fristen for å melde seg på til Jubileumsfesten som skal vere i Helgheim komande sundag (26.09) klokka 13. Frå no må vi melde frå til Elins Matgleder om kor mange ho skal lage middag til. Ring til meg (90606517) eller til Gunnbjørg 53486004/90742082 om du ønskjer å vere med!

Vennleg helsing
for Uskedal sokneråd
Møyfrid Kristoffersen

Foto og nett: Ola Matti Mathisen

